

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutval for plan og næring rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet *Strategi for breiband i Sogn og Fjordane*, utarbeidet av Breibandforum i desember 2011, og revidert i mars 2012, vert lagt til grunn for den vidare satsinga på utbygging av breiband i Sogn og Fjordane.
2. Breibandstrategien vert innarbeidd i den regionale planstrategien så langt det er føremålstenleg.
3. Framlegga i breibandstrategien som har økonomiske konsekvensar vert å vurdere nærare i dei årlege budsjetta/økonomiplanen.
4. Som saksordførar vert valt _ _ _

Prenta vedlegg:

Strategi for breiband i Sogn og Fjordane av Breibandforum (mars 2012)
Høyringsuttalar til Strategidokumentet (februar 2012)

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Samarbeidet kring breiband-utbygging har resultert i at så og seie alle i fylket har tilgang til første generasjons breiband. Dette har ein kapasitet som ikkje stettar dagens behov. Vi må følgjeleg legge til rette for andre generasjons breiband (i hovudsak fiber). Fylket ligg på botn når det gjeld tilbod om andre generasjons breiband. Bere 26 % av innbyggjarane har tilgang til denne kapasiteten, medan talet for Oslo er 95 %. Tenestetilbodet på nett vil auke og behovet for høgare kapasitet er stort. Breiband er ein viktig attraktivitetsfaktor for busetnad og næringsutvikling i fylket, og det er eit vesentleg satsingsområde. Breiband-utbygging er kort og godt ei av dei viktigaste infrastrukturiltaka som fylket står overfor.

Utbygging av breiband er kapitalkrevjande og breibandforum anslår det til saman vil koste ca. 500 mill. kr å gje alle i Sogn og Fjordane tilbod om andre generasjons breiband. Dette målet skal verte nådd i 2020.

2. BAKGRUNN

Sogn og Fjordane er det fylket i landet med dårlegast dekning av andre generasjon breiband. Målet med å utarbeide ein eigen strategi for breiband, er å kunne ta grep som sikrar tilgang til andre generasjon breiband for næringslivet og hushalda i Sogn og Fjordane, på lik linje med andre delar av landet.

Behovet for høgare kapasitet aukar stadig. Det er også endringar i bruksmønsteret. Der innbyggjarar og bedrifter før brukte internettet hovudsakleg til å hente informasjon (laste ned), er det no svært mange som nyttar internett til å sende (laste opp) informasjon. Det vil seie at det er krav om høgare kapasitetar begge vegar. Både næringslivet, den offentlege forvaltninga og innbyggjarane har behov for vesentleg meir breibandkapasitet, det som vert kalla andre generasjons breiband.

Definisjonen på kva som er andre generasjon breiband varierer. Høyringsuttalar frå breibandleverandørane i fylket om hastighetstilbod varierer og. Nokon meiner alle brukargrupper i framtida trong tilgang til høg kapasitet i storleiksorden 100 Mbit/s begge vegar, medan andre leverandørar meinte at næringslivet og offentleg sektor ville trenge denne høge kapasiteten og at hushald ville klare seg med noko mindre hastigheit. 30 Mbit/s nedstraums og 10 Mbit/s oppstraums vart føreslege. Per i dag gir definisjonen av breiband ei hastigheit på 0,64 Mbit/s nedlasting frå internett til datamaskina (nedstraums) og ei hastigheit på 0,128 Mbit/s på den informasjonen opplasta til internett (oppstraums). Nesten 100 % av innbyggjarane i landet har tilgang til dette breibandet. Denne kapasiteten er svært låg, den gjev svært dårleg kvalitet, og i realiteten er denne definisjonen ikkje brukbar lengre. Fiber som har god kapasitet vert sett på som ei framtidsretta løysing.

26 % av husstandar og bedrifter i Sogn og Fjordane hadde i 2011 tilgang til andre generasjons breiband med kapasitet 25 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums. 6 % har tilgang på 50 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums. 6 % dekning i Sogn og Fjordane er lågt. Mange av dei som har tilgang til denne infrastrukturen i dag bur i Årdal og Lærdal, dekningsområdet til kabel-TV nettet Årdalsnett.

Bakgrunn for at saka er reist

Breiband er infrastruktur, og gjennom denne infrastrukturen kan ulike leverandører tilby eit breitt spekter av tenester som innbyggjarar og næringsliv nyttar på ulike måtar. Stadig fleire tenester vert tilbodne over nett og det er sannsynleg at tenestespekteret aukar framover. I lys

av dette kan store delar av Sogn og Fjordane verte mindre attraktivt for næring og tilflytting om andre generasjons breiband ikkje vert tilgjengeleg.

Historikk

Sogn og Fjordane har arbeidd målretta med offentlege spleiselag for bygging av første generasjons breiband sidan 2001. Fylkeskommunen har vore sentral i arbeidet gjennom meir enn 10 store fylkesomfattande prosjekt som har sikra heile fylket første generasjon breiband. Prosjekta har vore leia av fylkeskommunen (gjennom Breibandforum/IT-forum S&F). Breibandutbygginga frå 2004 og fram til i dag har for ein stor del vorte til gjennom spleiselag mellom kommunar, fylkeskommune og statlege midlar (m.a. utviklingsmidlar frå KR D). I dag nyttar fylkeskommunen ca. 8-9 mill. kr i året til breibandutbygging. Desse midlane kjem i sin heilheit frå staten og er, saman med tilsvarande midlar frå kommunane i fylket, med på å sikre utbygging av breiband i fylket.

I starten av arbeidet med første generasjons breiband vart det laga ein kravspesifikasjon for utbyggingane som la til grunn meir bandbreidde enn dei nasjonale definisjonane på den tida. Kravet har medført at det stort sett er ført fiberkabel fram til alle bygdelaga i fylket der det finst eigen telefonsentral. Dette vil hjelpe noko i den nye satsinga ved at tilstrekkeleg kapasitet er tilgjengeleg nærare brukarane enn det elles ville vore.

Problemanalyse

Breibandutbygging er kapitalkrevjande, og alle leverandører i fylket peikar på at det er naudsynt med offentlege midlar tilgjengeleg for å byggja ut breiband. Svært mange område i Sogn og Fjordane er ikkje kommersielt utbyggjare. Eit anna problem er finansieringskrava i breibandprosjekt. Ein har fleire døme på at kommunar må seie frå seg tildelte statlege midlar fordi dei ikkje har funne budsjettdekning til å bidra økonomisk med eigendelen.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Breibandstrategien for Sogn og Fjordane omhandlar andre generasjons breiband. På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort strategidokumentet nyttar Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjande definisjon på andre generasjons breiband: 100 Mbit/s begge vegar til næringsliv og offentlig sektor, og 30 Mbit/s nedstraums og 10 Mbit/s oppstraums til private hushald. Strategien er teknologinøytral. Målet er å ha infrastruktur for dette i 2020. Det er ambisiøst.

Utbygging av breiband er eit av dei viktigaste infrastrukturtiltaka fylket står overfor framover. Samanlikna med kostnaden på tradisjonelle samferdsleprosjekt er breiband rimeleg.

Vår stadig aukande avhengigheit til breibandinfrastrukturen gjer oss sårbare i beredskapssituasjonar slik som ekstremvær. Svikt i tele- og datanettet kan føre til store negative samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar. Prioriteringar under beredskap for å sikre driftstryggleik bør kartleggast og tas med i plan for utbygging.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Det er vanskeleg å anslå kva ein utbygging av andre generasjon breiband vil koste, men breibandforum nyttar talet 500 mill. kr. Dette talet er basert på kostnadsoverslag gjort av leverandørane og ein miks mellom ulike teknologiar, både mobilt breiband, VDSL og fiber. Det er ein føresetnad at den digitale dividende (tidlegare tv-signal) vert nytta til mobilnettet. Skulle denne dividenden i staden bli brukt på nye digitale tv-signal eller naudnett vil støttebehovet ved utbygging av 4G mobilnett vere betydeleg høgare.

I Sogn og Fjordane har det i statleg finansierte breibandprosjekt vert normalt at kommunane har ein eigenandel på 40 % i fiberprosjekt og 50 % i mobil- og kopar prosjekt. Maksimal støtte til eitt prosjekt er 3 mill. kr. Erfaring synar at dei aller fleste utbyggingar vil vere

bedriftsøkonomisk ulønsame og ikkje kommersielt utbyggbare. Erfaring syner og at kommunane har problem med å finansiere sin del i utbyggingsprosjekt. Dette betyr at offentleg støttenivået må aukast betydeleg for å nå målet for 2020.

Staten har dei siste åra løyvd rundt 8 mill. til breibandmidlar kvart år. Skal målet om tilgang til andre generasjons breiband for alle i 2020 gjennomførast i tråd med kostnadsoverslaget på 500 mill. kr må det årleg løyvast 62,5 mill. kr til dette arbeidet i Sogn og Fjordane. Breibandforum nyttar ein kostnadsfordeling på 70 % stat, 20 % fylkeskommune og 10 % kommune. Dette vil i få fall gje ein årleg kostnad for Sogn og Fjordane fylkeskommune på 12,5 mill. kr per år i åra 2012 til 2020 utanom dei statlege tildelingane.

Handlingsrom og verkemiddel

Fylkeskommunen er ein stor infrastrukturaktør i heile fylket, både når det gjeld vegar og energi. Fylkeskommunen må vurdere om breiband er eit samferdselstiltak. Fylkeskommunen kan vurdere ei større øyremerkning av breibandmidlar gjennom INU-ordninga (kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift). Som infrastrukturaktør skal fylkeskommunen vere ein aktiv pådrivar for å byggje ut andre generasjon breiband i Sogn og Fjordane. Dette skal de gjere i tett dialog med kommunane, regionråda og leverandørane i fylket innanfor gjeldane reglar for offentleg innkjøp.

Konkrete tiltak frå fylkeskommunen kan innebere:

1. alltid opparbeide føringsvegar for breiband i samband med fylkesvegutbygging
2. nytte sin eigarpost i ulike selskap til å fremje infrastrukturutbygging der dette er naturleg
3. påverke kommunar i plansaker til å stille krav til tilrettelegging av føringsvegar for breiband i reguleringsplanar og til å lage eigne kommuneplanar for breiband
4. drøfte offentleg eigarskap til it-infrastruktur

Andre problemstillingar som må vurderast er kva teknologiske løysingar ein skal nytta for utbygging i fylket, deriblant drøfting av mobilt breiband.

Trong for breiband

Norsk Telecom har i 2012 utarbeidd ein rapport som tar for seg kost/nytteverdien i utbygging av superbreiband (over 25 Mbit/s). Der stilles det spørsmål ved i kva grad vi treng høghastigheits breiband. Dei syner til at tre firedelar av breibandtrafikken er video og fildeling og at trafikken er størst klokka ti om kvelden. Fiberaktøren Altibox meiner utbygging av fiber er uomtvisteleg lønsamt for Noreg og grunnjer dette med nye moglegheiter innan energistyring, helse, velferd, utdanning og miljø (DN 22.02.12). Telecområdgjevar Nexia meiner debatten om behovet for høg breibandhastigheit er ein reprise på tidlegare *godt-nok nivå*. «For nokre år sidan var det fleire forståsegpåarar som ikkje forsto kva ein skulle med meir enn fire Mbit/s» (Harald Wium Lie i Nexia, DN 22.02.12). Nexia meiner behovet for breibandhastigheit eller bredde er tilnærma uendeleg, mens bruken er resultat av kost-nyttevurderingar.

Gjennom prosjektet «Kunnskap kryssar grenser» (KxG) utført av Vestlandsforskning har dei tre partnerane Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Lotteri- og stiftelsestilsynet dokumentert følgjande innsparingar ved bruk av videomøte i 2011:

- 37 000 kg CO2 som følgje av reduksjon i tenestereiser
- kr 660 000,- i sparte reiseutgifter
- 2 100 timar spart arbeidstid

Dette tydeleggjer noko av potensialet i bruk av breiband i næringslivet, men og i privat samanheng. Dette styrkar og argumentet for breiband som eit godt infrastrukturtiltak, på linje med investeringar innan samferdslesektoren. I ein anna rapport av Vestlandsforskning for Distriktsenteret om bruk av videomøte kjem det fram at låg breibandhastigheit er ein viktig faktor som hemmar bruk av video blant bedrifter i fem fylke (inkludert Sogn og Fjordane). Det offentlege har i større grad tilstrekkeleg kapasitet. God kapasitet på breiband er ein føresetnad for at store deler av næringslivet vårt skal få utvikle seg vidare, og ikkje mist teknologibedrifter og andre som har behov for å sende store datamengder over nettet.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Breiband er viktig for næringsutvikling og busetnad i Sogn og Fjordane. Det er ein faktor som påverkar attraktiviteten til fylket både for privat tilflytting og bedriftsetablering. Sogn og Fjordane ligg på botnen når det gjeld utbygging av andre generasjons breiband. Dette skyldas i stor grad fylkets geografi og kapitalkrevjande utbygging. Behovet for NGA er stort og det vil etter all sannsyn auka med stadig fleire teneste tilgjengeleg over nett. Dagens løyvningsnivå er ikkje stort nok til å møte dette behovet.

Breiband er ei av dei viktigaste infrastrukturoppgåvene fylket står overfor framover. Tiltak som fylkeskommunen kan iverksette og som vil medverke til raskare utbygging er:

1. setje av meir midlar til breibandutbygging
2. alltid opparbeide føringsveggar for breiband i samband med fylkesvegutbygging
3. påverke kommunane til å stille same krav i samband med kommunale vegutbyggingar samt utarbeide kommuneplanar for breiband
4. påverke staten gjennom Nasjonalt breibandråd til større grad av støtte til breibandutbygging og til å arbeide meir målretta i fellesskap med dei andre fylkeskommunane i landet
5. tilby meir omfemnande rådgjeving til kommunane i samband med breiband-utbygging

Saka går direkte frå hovudutval for plan og næring til fylkestinget med saksordførar. Hovudutvalet for plan og næring vel saksordførar.